

Lov  
for  
Stranda Idrottslag

Stifta den 15. august 1914

Vedteke av årsmøte den 11/11.1986 med seinare endringar, seinast av  
Godteke av Idrettsstyret den 2/11.95. 20/11.1998

§ 1 FORMAL

Laget er sjøelveigande og frittstående med formål å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund. Laget kan berre ha personlege medlemmer.

§ 2 ORGANISATORISK TILKNYTING

Laget er medlem av Norges Idrettsforbund gjennom Møre og Romsdal Idrettskrets. Laget er tilslutta dei særforbund som årsmøtet i laget har vedteke.

Laget har sete i Stranda kommune, og er medlem av Idrettsrådet i kommunen.

§ 3 MEDLEMMER

Alle som lovar å rette seg etter laget og overordna idrettsorgan sine lover og reglar, kan takast opp som medlemmer.

Alle medlemmer pliktar å rette seg etter lover og reglar i Norges Idrettsforbund, organisasjonsledda i forbundet og laget.

Ved innmelding gjev søkjaren opp alder og adresse, og om han/ho har vore eller er medlem av lag tilslutta Norges Idrettsforbund.

Opptak av nytt medlem skal straks førast inn i medlemsregisteret. Ein søkjar kan ikkje takast opp utan at han/ho har gjort opp økonomiske skyldnader til andre organisasjonsledd og medlemmer i NIF.

Medlemsskapet i laget er først gyldig og vert rekna frå den dag første kontingenten er betalt.

#### § 4 RØYSTERETT, VAL

For å ha røysterett på laget sine møter må eit medlem ha fylt 15 år, ha vore medlem i minst 1 månad og ikkje skulde laget kontingent.

Alle medlemmer som har stemmerett og som ikkje er arbeidstakarar i laget, kan veljast til tillitsverv i laget, og som representant til ting eller møte i overordna idrettsorganisasjon.

#### § 5 KONTINGENT

Kontingenten vert fastsett av årsmøtet for kvart år og skal betalast på forskot. Eit medlem kan avtale med laget at kontingenten skal betalast heilt eller delvis ved dugnad. Medlemmer under 16 år betaler ein lågare kontingent. Årsmøtet kan også gjere vedtak om felles kontingent for familiemedlemmer.

Medlem som skuldar kontingent for meir enn 1 år, har ikkje røysterett eller andre rettar, og kan av styret strykast som medlem. Vert ein medlem stroken, kan han eller ho ikkje takast opp att som medlem før skuldig kontingent er betalt. Styret har høve til å sette ned eller stryke kontingent ved sjukdom, arbeidsløyse, militærtjeneste eller av andre grunnar.

#### § 6 GODTGJERSLE TIL TILLITSVALDE

Tillitsvalde kan motta eit rimeleg honorar for sitt arbeid, og refusjon for faktiske utgifter, herunder tapt arbeidsforteneste.

Utgifter til godtgjersle og refusjon for faktiske utgifter skal framgå av laget sitt budsjett og rekneskap.

#### § 7 INHABILITET

For tillitsvalde, oppnemnde tillitspersonar og tilsette innanfor laget, gjeld NIF sine inhabilitetsreglar, jf § 2-7 i lov for NIF.

#### § 8 STRAFFESAKER

For alle straffesaker gjeld straffereglane i lov for NIF kap. 11.

#### § 9 ARSMØTE

Høgste styresmakt i laget er årsmøtet som vert halde kvart år i januar månad. Årsmøteperioden er frå 1.1. - 31.12. Som ei overgangsordning fram til 1997, skal neste årsmøteperiode vere 1.11.95 - 31.12.96. Årsmøtet skal kallast inn av styret med minst 1 månads varsel, ved kunngjering i presse eller direkte til medlemmene.

Forslag som skal handsamast på årsmøtet, må vere innsende til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vere tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemmene av laget har rett til å møte. Årsmøtet kan elles invitere andre personar og /eller media til å vere til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med talet på medlemmer med stemmerett som møter.

Ingen har meir enn ei stemme, og avstemming kan ikkje skje ved fullmakt. Alle vedtak må vere i samsvar med lover og reglar til overordna idrettsorganisasjonar.

På årsmøtet kan ikkje handsamast forslag om lovendingar som ikkje er oppført på saklista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei framømte krev det. Slik avgjerd kan berre takast i samband med vedtak om godkjenning av saklista.

#### § 10 LEIING AV ÅRSMØTET

Årsmøtet vert leia av vald møtedirigent. Dirigenten treng ikkje å vere medlem av laget.

#### § 11 RØYSTING PÅ ÅRSMØTET

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak for å vere gyldig vere gjort med vanleg fleirtal av dei stemmer som er avgitt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgitt.

Valet blir gjennomført skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt forslag. Berre dei kandidatar som er foreslått kan førast opp på stemmesetelen. Skal fleire veljast ved same avrøysting, må røystesetelen innehalde det antall forskjellige kandidatar som det skal veljast i vedkomande avstemming. Stemmesetlar som er blanke eller som innheld kandidatar som ikkje er foreslått, eller anna antall kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgitt.

Når eit val blir halde enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei stemmer som er avgitt, skal det gjennomførast bunde omval mellom dei to kandidatane som har oppnådd flest stemmer. Er det ved omval stemmelikheit, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

Når det ved val skal veljast fleire ved avrøysting, må alle, for å reknast for valde, ha meir enn halvparten av dei stemmer som blir avgitt. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentantar. Dersom ikkje tilstrekkeleg mange kandidatar har oppnådd dette i første omgang, skal dei som har fått meir enn halvparten av stemmene, reknast som valde. Det skal så gjennomførast bunde omval mellom dei øvrige kandidatane, og etter denne avrøystinga

blir dei som har fått flest stemmer, rekna som valde. Er det ved omvalet stemmeliheit, skal valet avgjerast ved loddtrekking.

Leiar, nestleiar vararepresentantar i Arbeidsutvalet og utvalsleiarar skal veljast særskilt.

#### § 12 ARSMØTET SKAL:

1. Handsame årsmeldinga frå laget (hovudstyret)
2. Handsame årsmelding frå gruppene
3. Handsame revidert rekneskap for heile laget, herunder gruppene
4. Handsame innkomne forslag og saker
5. Fastsette kontingent
6. Vedta budsjett for hovudstyret og gruppene
7. Velje:
  - a) Leiar, nestleiar og 3 medlemmer m/vararepresentantar til styret (Arbeidsutvalet)  
  
Leiaren vert vald for 1 år om gongen, dei andre i arbeidsutvalet vert valde for 2 år.
  - b) 2 revisorar m/ 2 vararepresentantar
  - c) Representantar til Idrettsrådet i kommunen
  - d) Representantar til ting og dei organisasjonar laget er tilslutta
  - e) Valkomité på 3-5 personar etter årsmøtets vedtak
8. Godkjenne valde gruppestyrer.
9. Bestemme laget sin organisasjon, jf § 15, herunder gjere vedtak om oppretting av eller nedlegging av grupper for dei einiskilde idrettane.

#### § 13 EKSTRAORDINÆRE ARSMØTER

Ekstraordinære årsmøter skal haldast når styret eller overordna idrettsstyresmakt bestemmer det, eller når minst 1/3 av medlemmer med stemmerett krev det.

Innkaling skjer på same måte som for dei ordinære årsmøter, med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og ta avgjerder i dei saker som er kunngjort i innkallinga.

## § 14 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøte vert halde når styret finn det naudsynt, eller når eit fleirtal av laget medlemmer krev det.

## § 15 STYRET

Lager vert leia av eit styre (hovudstyre) som er høgste styresmakt i laget mellom årsmøta.

Styret er samansett av leiar, nestleiar og 3 styremedlemmer (arbeidsutval) som vert valde av årsmøtet, og gruppeleiarane.

Leiar og nestleiar vert valde på årsmøtet. Hovudstyret konstituerer seg sjølv, og vel økonomiansvarleg og sekretær frå arbeidsutvalet.

Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemmene er til stades. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal av dei avgitte stemmene. Ved stemmelikheit tel møteleiaren si stemme dobbelt.

Hovudstyret skal:

1. Iverksette vedtak og bestemmelsar frå årsmøtet og overordna idrettsorgan.
2. Oppnemne etter behov komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for desse.
3. Administrere og føre naudsynt kontroll med laget sin økonomi i samsvar med dei instruksar og reglar som gjeld for idretten til ei kvar tid.
4. Representere laget utad.
5. Ha den daglege leinga av laget, og syte for kontakt med det offentlege gjennom Idrettsrådet.
6. Vurdere økonomiske behov innanfor laget, og fordele midlar til gruppene etter fastsette planar og budsjett. Tilskot frå det offentlege, inntekter og anna enn idrettsleg verksemd og lagskontingenten, skal disponerast av hovudstyret. Hovudstyret skal etter evne søkje å løyse laget sine oppgåver.
7. Føre protokoll over styre-/arbeidsutvalsmøter.

## § 16 ARBEIDET TIL HOVUDSTYRET

Leiaren har den daglege leinga av laget. Han skal tilvise alle utbetalingar og leie drøftingane i styret og på laget sine møter dersom ikkje anna er vedtatt.

Han skal sjå til at val og adresseendringar som har interesse for krets- og forbund vert melde. Leiaren må saman med økonomiansvarleg og revisor sende inn oppgåver over laget sine medlemmer pr 1. januar til overordna instansar.

Nestleiar skal gjere teneste som leiar når denne er fråverande.

Sekretæren skal føre møteprotokollar over alle styremøter, medlemsmøter og årsmøte. Sekretæren skal i samråd med leiaren føre all korrespondanse for hovudstyret, og skal syte for at alt som vedkjem hovudstyret vert arkivert.

Økonomiansvarleg plikter å setje seg inn i dei instruksar og reglar som til ei kvar tid gjeld for idretten \*), og føre rekneskap og alle medlemsregister i samsvar med dette.

Alle ut- og innbetalingar skal gå over konti i bank og /eller postgiro. Økonomiansvarleg har ansvar for føring av medlemsregister.

Revisorane skal gjennomgå rekneskapen for heile laget i samsvar med idretten sine reglar for revisjon. \*)

\*) Jf heftet "Idrettens Kontoplan".

## § 17 GRUPPER/AVDELINGAR

Laget kan organiserast med avdelingar og/eller grupper. Desse kan leiast av oppnemnde tillitspersonar eller av valde styrer. Årsmøtet bestemmer opprettinga av avdelingar/grupper, og korleis desse skal organiserast og leiast.

For dei enkelte avdelingar/gruppene sine økonomiske skyldnader, hefter heile laget, og avdelingar/grupper kan ikkje inngå avtalar eller representere laget utad utan godkjenning frå styret.

Dersom årsmøtet i Stranda Idrottslag har gjort vedtak om å skipe grupper, vert kvar gruppe leia av eit styre på minst 3 medlemmer etter gruppeårsmøtets vedtak; leiar, sekretær og ein styremedlem.

Leiaren i gruppa er medlem av hovudstyret, med eit anna medlem av gruppa som personleg vararepresentant.

Leiaren i gruppa vert vald for 1 år. Andre styremedlemmer/tillitsvalde skal veljast for 2 år om gongen dersom ikkje anna er vedtatt i organisasjonsplanen \*) for gruppa.

\*) Plan over styre og tillitsvalde i gruppa.

Gruppestyret vert valt av årsmøtet i gruppa og blir godkjent på årsmøtet i laget.

Årsmøteperioden for gruppene er lik årsmøteperioden for Hovudstyret.

Gruppeårsmøta skal vere avslutta før årsmøtet i laget. For årsmøta i gruppene gjeld reglane om årsmøtet for laget, så langt det høver. \*)

\*) Kvar gruppe har eiga valnemnd for gruppeårsmøta.

Gruppestyret er ansvarleg overfor gruppeårsmøtet og styret i laget for gruppa sin økonomi. Årsmøtet i gruppa kan vedta tilleggskontingent til særformål innanfor gruppa. Desse midlane skal disponerast av gruppestyret.

Gruppestyret skal handsame alle faglege saker som gjeld gruppa si idrettsgrein. Gruppestyret gjer framlegg for hovudstyret om stemne, og skal stå for det tekniske arrangementet. I idretts-tekniske saker som berre vedkjem gruppa, handlar gruppa sjølvstendig.

Gruppestyret skal syte for å få fram medlemmene til stemne, og dersom det er naudsynt, fungere som uttakingskomité og sende rapport til lagsstyret.

Gruppestyret skal leggje fram melding på gruppeårsmøtet om arbeidet til gruppa, deltaking og plassering i stemner m.m.

## § 18 LOVENDRING

Endringar i denne lova kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore oppført på sakslista, og det blir kravd 2/3 fleirtal av dei stemmer som blir avgitt.

Lovendringar må godkjennast av Idrettsstyret og er ikkje i kraft før dei er godkjende.

Reglane om oppløysing kan ikkje endrast, jf. § 19.

## § 19 OPPLØYSING

Oppløysing av lag kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seiare. For at oppløysing skal skje, må vedtaket her gjerast på nytt med 2/3 fleirtal.

Samanslutning med andre lag blir ikkje rekna som oppløysing av laget. Vedtak om samanslåing og nødvendige lovendringar i tilknytning til dette, blir å treffe i samsvar med reglane om lovendring, jf § 18 ovanfor.

I tilfelle oppløysing eller anna opphøyr av laget, tilfelle laget sine eigedelar NIF eller formål godkjent av Idrettskretsstyret.

Ved oppløysing skal laget sine arkiv sendast til Idrettskretsen.